



Stiftinga Opera Nordfjord  
Postboks 289

6771 NORDFJORDEID

**Dato**  
FØRDE, 21.02.2019

## Fylkeskommunalt driftstilskot 2019

Fylkestinget har i møte 4. desember 2018 vedteke budsjett for 2019. Som del av budsjettvedtaket ligg det at fylkestinget også har fastsett det fylkeskommunale tilskotet til Opera Nordfjord for 2019. Tilskotet er 1 700 000 kr.

### 1. Som grunnlag for fylkestinget sitt vedtak ligg følgjande omtale i budsjettet

Institusjonane er svært viktige for regionen for å gi gode og mangfaldige kulturopplevingar. Dei er også viktige for å gi profesjonelle aktørarar som arrangørar og utøvande kunstnarar ein arbeidsplass. Dei bidreg også i stor grad til å marknadsføre fylket vårt. Dei fylkeskommunale løyvingane genererer statlege og kommunale tilskot på om lag 36 mill. kr til dei fire institusjonane.

Vi følgjer opp festivalstrategien (innarbeidd i regional plan for kultur) med tilskot til dei festivalane hovudutvalet har valt ut som særleg viktige (under denne tenesta gjeld dette Førdefestivalen og Norsk Countrytreff).

Innanfor samfunnsoppdraget til institusjonane skal desse utvikle sin eigen form og måte å produsere og formidle god kunst og kultur til innbyggjarane. Samstundes skal institusjonane på sin måte, og innan sitt område, også vere med på å gjennomføre regional plan for kultur, og vi peikar på m.a. følgjande område som særleg viktige der:

- Inkludering
- Å nå barn og unge i og utanfor skuleverket
- Vere synlege og til stades i store deler av/heile fylket
- Samarbeid mellom institusjonane og deltaking i å utvikle det regionale kulturlivet
- Delta i arbeid med å styrke opplevingsnæringane i fylket
- Aktivt publikumsarbeid

#### Opera Nordfjord

Opera Nordfjord har ambisjonar om å stadig nå ut til nye målgrupper med sine produksjonar og vil satse på aktivitetar året rundt. Løyvinga til Opera Nordfjord er auka opp med 0,165 mill. kr for å følgje opp avtalt finansieringsmodell, jf. statleg auken på 0,4 mill. kr som er knytt til Opera Nordfjord si satsing på «Fargespel».

### 2. Rapportering og forankring i planer og strategiar

Fylkeskommunen sine forventingar til Opera Nordfjord, jf. over, er forankra i Regional plan for kultur. Vi viser også til festivalen sine eigne planer/strategiar. Vi ber om at det i årsrapporten for 2019 vert gjort greie for korleis fylkeskommunen sine forventningar og festivalen sine eigne mål/og strategiar er operasjonalisert i festivalen si satsing.

Årsmelding og rekneskap for 2018 skal sendast fylkeskommunen så snart desse ligg føre våren 2019.

### 3. Utbetaling av tilskotet for 2019

Det løyvde tilskotet for 2019 vert betalt ut til dykkar konto med det første.

### 4. Søknad 2020

Søknad om driftsmidlar for 2020 til Vestland fylkeskommune skal sendast våren 2019. Vi orienterer dykk i eige brev om søknadsfrist, kvar søknaden skal sendast og eventuelle vilkår og krav til søknaden.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad  
Assisterande fylkesdirektør

Sissel Lillebø Aarseth  
fagkoordinator

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi til:  
Eid kommune  
Jarlaug Lauritsen, NKA